



# MASTERSTUDIUM I TEATER OPPTAK TIL STUDIEÅRET 2019/2020

## OBLIGATORISK SØKNADSVEDLEGG

Søknadsfrist for studiestart i august 2019: 01. februar 2019 kl. 23:59

Fyll ut vedlegget elektronisk, lagre det (som «MATE2019-soknadsvedlegg.pdf») og last det opp i SøknadsWeb:  
<https://fsweb.no/soknadsweb/login.seam?inst=khio>

Ver vennleg og les søknadsretteiinga på side 4 og 5 grundig før du fyller ut dette søknadsvedlegget.

### Personopplysningar

Etternamn	Fornamn (og mellomnamn)	6-sifra søkjarnummer*
-----------	-------------------------	-----------------------

\*Søkjarnummer finn du i e-postkvitteringa du får etter å ha registrert deg på SøknadsWeb

### Norskkunnskapar (sjå rettleiing på side 4)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på norskkurs for tida, eller kan du dokumentere norskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

### Engelskkunnskapar (sjå rettleiing på side 4)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på engelskkurs for tida, eller kan du dokumentere engelskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

### Bachelorgrad

Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (år start – år slutt)
----------------	----------	-------------------------------

### Anna relevant utdanning

Namn på skulen	Grad/omfang	Studieretning	Tidsrom (år start – år slutt)
Namn på skulen	Grad/omfang	Studieretning	Tidsrom (år start – år slutt)

### Praksis/erfaring innanfor scenekunst (inntil fem)

Namn på prosjektet	Prosjektansvarleg	Rolle i prosjektet	Tidsrom/årstal
Namn på prosjektet	Prosjektansvarleg	Rolle i prosjektet	Tidsrom/årstal
Namn på prosjektet	Prosjektansvarleg	Rolle i prosjektet	Tidsrom/årstal
Namn på prosjektet	Prosjektansvarleg	Rolle i prosjektet	Tidsrom/årstal
Namn på prosjektet	Prosjektansvarleg	Rolle i prosjektet	Tidsrom/årstal

### Annan relevant yrkespraksis (inntil fire)

Arbeidsgivar	Stilling	Tidsrom
Arbeidsgivar	Stilling	Tidsrom
Arbeidsgivar	Stilling	Tidsrom
Arbeidsgivar	Stilling	Tidsrom



## Motivasjonsbrev

Motivasjonsbrevet skal innehalde ei beskriving av ditt *fordjupingsfokus* (kva ønskjer søkjaren å fordjupe seg i, og kvifor?). Motivasjonsbrevet må fyllast ut for at søknaden skal vere gyldig.



I tillegg til å laste opp søknadsskjemaet på SøknadsWeb skal du innan søknadsfristen også laste opp:

- Vedlegg (vitnemål, karakterutskrifter, stadfestingar, attestar/referansar og video-lenkjer til utøvande arbeid (i eige ark)).

#### Sjekkliste

Eg har lasta opp følgjande dokument i SøknadsWeb (set kryss):

Sjå rettleiinga for nærmare informasjon.

Kryss av	Dokument	Filnamn	Format	Dokumentkategori i SøknadsWeb
	Utfylt søknadsvedlegg (dette dokumentet)	<i>MATE2019-soknadsvedlegg.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Dokumentasjon av bachelorgrad eller tilsvarande	<i>Vitnemål-bachelor.pdf</i>	PDF	<i>Vitnemål/ karakterutskrift</i>
	Dokumentasjon av norskkunnskapar	<i>Norsk.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Dokumentasjon av engelskkunnskapar	<i>Engelsk.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Stadfesting på arbeid/attestar/referansar	<i>Referansar.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>
	Legg lenkjer/video-lenkjer av utøvande og skriftlege arbeid i eitt ark. Kontroller at lenkjer fungerer. Dersom det trengst passord for å opne lenkjene, legg dette i same ark.	<i>Arbeidslenkjer.pdf</i>	PDF	<i>Andre dokument</i>

#### Erklæring

I det du søker, erklærer du samtidig at all informasjon som du har registrert, er korrekt, og at dokumenterte arbeid og andre dokument er dine egne. Vidare erklærer du at e-postadressa som du har oppgitt på SøknadsWeb, blir lesen av deg. Du er ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.

**Berre komplette søknader vil bli behandla.**



## SØKNADSRETLEIING

For å søke på studiet må du registrere deg på nettportalen SøknadsWeb:

<http://khio.no/intranett/for-studenter/studieinformasjon/veiledning-til-soknadsweb>

### Opptakskrav

Mastergradsstudiet byggjer på ein treårig bachelorgrad (180 studiepoeng) eller ei likeverdig utdanning. Søkjar må dokumentere fordjuping i fag, emne eller emnegruppe av minimum 80 studiepoengs omfang innanfor teater eller scenekunst.

I spesielle tilfelle kan andre dokumenterte kvalifikasjonar godkjennast som heilt eller delvis likeverdige med utdanningsløpa som er nemnde ovanfor.

I samband med søknad må søkjar sende inn eit motivasjonsbrev. Det skal fyllast inn i søknadsvedlegget. Søkjarar som går vidare til praktisk opptaksprøve, må også levere ei prosjektskisse til eige masterprosjekt innanfor teater eller scenekunst.

Alle søkjarar må meistre og kunne dokumentere gode kunnskapar i eit av dei skandinaviske språka og engelsk. Engelskkunnskapar kan for eksempel dokumenterast med TOEFL med minimum score på 500, IELTS med minimum 5.0 (eller annan dokumentasjon på tilsvarende nivå). Norsk-kunnskapar kan for eksempel dokumenterast med Bergenstesten.

Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå skandinaviske land treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på norsk og engelsk språkkompetanse. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå engelskspråklege land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.

Opptak skjer på basis av skriftleg søknad og opptaksprøvar.

### Norsk-kunnskapar

Undervisninga føregår normalt på norsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn (bachelorgrad, vidaregåande skule eller grunnskule) frå skandinaviske land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på norsk språkkompetanse.

Søkjarar med utdanningsbakgrunn utanfor Skandinavia må dokumentere at dei meistrar norsk.

Språkkunnskapar i norsk kan for eksempel dokumenterast med Bergenstesten, <http://www.folkeuniversitetet.no>, eller med norsk for utlendingar frå universiteta (eller annan tilsvarende dokumentasjon).

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp på side 1.

### Engelskkunnskapar

Det er ein føresetnad at søkjarar meistrar engelsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå skandinaviske land – eller frå engelskspråklege land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.

Språkkunnskapar i engelsk kan for eksempel dokumenterast med IELTS, <http://www.ielts.org/>, med minimum score på 5.0, eller TOEFL, <http://www.ets.org/toefl>, med minimum score på 500 (eller annan tilsvarende dokumentasjon).

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp på side 1.

### Bachelorgrad

Før opp din oppnådde bachelorgrad.

### Anna relevant utdanning

All utdanning skal dokumenterast, og alle vedlagde kopiar av vitnemål eller karakterutskrifter skal vere attesterte. Relevant pågåande utdanning skal dokumenterast med stadfesting frå studiestad. Fullfører du ei utdanning i same studieår som når du søkjer, skal du sende vitnemål etter så snart det ligg føre, og seinast 1. juli. Ikkje send originalar.

### Praksis/erfaring innanfor scenekunst

Praksis/erfaring som scenekunstnar skal dokumenterast skriftleg og/eller visuelt. Ein kan søkje med inntil fem arbeid. Før opp namn på prosjekt, kven som er prosjektansvarleg (eige arbeid eller engasjert av andre) og dei andre punkta. Skriftleg dokumentasjon som for eksempel attestar, stadfestingar og referansar skal lastast opp som vedlegg. Dokumentasjon av utøvande arbeid lastar du opp i eige ark med lenkje til arbeida. Dette kan for eksempel vere video-lenkjer (Vimeo, YouTube eller liknande) der du opptrer som utøvar. *Du er sjølv ansvarleg for at nettadressa er riktig skriven, at nettsida fungerer, og at arbeidet kan visast i ein vanleg nettlesar. Dersom det trengst passord for å opne lenkjene, legg dette i same ark.*



### **Annan relevant yrkespraksis**

Før opp relevant yrkespraksis.

### **Dokumentopplasting**

For at søknaden skal være fullstendig, blir det kravd at du lastar opp eit sett med dokument. Last desse opp under *Mine dokument* i SøknadsWeb. Sjå detaljar i sjekklista på side to og i rettleiinga på side tre.

Når du lastar opp dokument, blir du bedd om å gi opp frå-dato og til-dato. Dette er først og fremst meint for utdanning. Når det gjeld andre dokument, for eksempel det obligatoriske søknadsvedlegget og dei kunstnariske arbeida, kan du setje datoen då fila sist blei endra. Det er berre frå-datoen som er obligatorisk, dette er markert med ei raud stjerne. Obs: Datoen må vere eldre enn dagens dato.

Du kan logge deg på fleire gonger og leggje til ny informasjon og laste opp nye dokument heilt fram til og med søknadsfrist-datoen kl. 23:59. Når søknadsfristen har gått ut, kan du ikkje lenger endre noko i søknaden din.

Obs! På grunn av potensiell ustabilitet i alle typar nettenester ber vi deg laste opp dokumenta dine så fort du har høve til det, ikkje vent til nokre timar eller minutt før fristen går ut. Skulle SøknadsWeb vere nede på eit tidspunkt, prøv igjen om ei stund.

### **Kvittering på e-post**

Sjekk at du får ei kvittering til e-postadressa du oppgav (hugs også å sjekke søppel-/spamfilteret ditt), og les denne grundig. Her finn du søkjarnummeret, som skal førast på det obligatoriske søknadsvedlegget (nedlastbar PDF). Dersom du ikkje får ei kvitteringsmelding, har søknaden truleg ikkje blitt registrert i datasystemet vårt. Prøv i så fall på nytt.

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Facebook: <https://www.facebook.com/KunsthogskoleniOslo>

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Twitter: <https://twitter.com/khiotweet>